

Overhalla kommune

Administrativ avdeling

www.overhalla.kommune.no

Miljøverndepartementet

Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Dykker ref:

Vår ref:
01/00967-7

Saksbeh:
Jorunn Lilleslett, 74 28 04 35

Arkivkode:
C50


Dato:
24.06.02

Høyringsuttale om NOU 2002: Fortid formar framtid - utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk

Sender med dette over høyringsuttalen frå Overhalla kommune som vart handsama i
formannskapet den 19.06.02.

Med helsing

Jorunn Lilleslett
kultursjef
jorunn.lilleslett@overhalla.kommune.no



Saksfremlegg

Utvalgssaksnr	Utvalg	Møtedato
084/02	Formannskapet	19.06.02

NOU 2002:1 Fortid formar framtid, utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk - høyningsuttale

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Våren 1998 la Stortinget fram eit ønskje om å setje ned eit offentleg utval som skulle utgreie ein ny kulturminnepolitikk. Bakgrunnen var at stortingsfleirtalet la til grunn at dagens kulturminnepolitikk ikkje er tilstrekkeleg for å sikre vår felles kulturarv for komande generasjonar. Difor vart det året etter oppnemnt eit kulturminneutval som skulle utgreie mål, strategiar og verkemiddel i kulturminnepolitikken.

I samanheng med arbeidet for å utforme ein ny kulturpolitikk og Stortingsmelding nr. 31 (2000-2001) Kommune, fylke, stat - ei betre oppgåvefordeling, ønskjer regjeringa også å gje kommunesektoren auka mynde og ansvar i arbeidet med forvaltninga av kulturminne- og kulturmiljøverdiane. Kulturminneforvaltninga inngår som ein viktig del av den samla miljø- og ressursforvaltninga og det er difor naturleg at også dette området blir drøfta.

Utgreiinga er inndelt i to hovuddelar:

1. Verdigrunnlag og hovudlinjer i ein ny kulturpolitikk
2. Forslag til tiltak

Vi nemner her dei viktigaste kapitla.

Kapittel 3:

Visjonen for framtidas kulturminnepolitikk er: "Kulturminner og kulturmiljø - kjelder til oppleving, utvikling og verdiskaping".

Visjon, mål og strategiar for ein ny kulturminnepolitikk:

Gjennom heile 1990-talet har det vore eit mål at eit representativt utval av kulturminner og kulturmiljø skal fredast etter kulturminneloven eller regulerast som spesialområde etter plan og bygningsloven. Men det er i liten grad lagt vekt på kva slags tiltak som skal setjast i verk etter at formelt vern er etablert, og kva som skal vere den offentlege kulturminneforvaltningas ansvar. På same vis er det behov for ein tydelegare politikk for dei kulturminna som ikkje er formelt verna.

Kulturminneutvalet meiner at:

1. Kulturminner og kulturmiljø syner eit historisk, kulturelt og materielt mangfald.
2. Samvirke mellom menneske og kulturminner skapar verdiar, kunnskap og opplevingar

3. Samanhengen mellom natur og kulturminner stimulerer til berekraftig ressursforvaltning.
4. Det er likeverd i samspelet mellom offentlege og private aktørar.
5. Dei økonomiske rammene står i forhold til oppgåvene.

Kulturminneutvalet ønskjer å utarbeide ein ny kulturminnelov, og samstundes styrke kulturminneaspektet i plan og bygningsloven. Ein må forenkle dagens kulturminnelov slik at den vert betre tilpassa dagens og morgondagens behov på området.

Utvalet ønskjer eit betre samarbeid. Kulturminnepolitikken må i større grad engasjere og motivere til å søke kunnskap og til å skape lokale aktivitetar, og det må vere eit mål å skape større likeverd mellom aktørane. Utvalet ønskjer også ein betre dispensasjonspolitikk (i høve til automatisk freda kulturminner) og ein meir differensiert fredningspolitikk (staten bør ta større individuelle omsyn tilpassa den enkelte eigar, region eller kommune). Pr i dag er det berre 3000 vedtaksfreda kulturminner i landet, om ein ser bort i frå automatisk freda kulturminne.

Utvalet meiner at dagens register over kulturminna må utviklast, slik at det vert eit heilskapleg system som til ei kvar tid er oppdatert. Som formannskapet er kjent med er Overhalla kommune i gang med eit registreringsprosjekt som omfattar historisk verdifulle bygningar og bygningsmiljø fram til 1955. Dette prosjektet kan vere med å gje ein betre oversikt over kva for bygningar og bygningsmiljø som bør takast vare på.

Kapittel 4: Kulturminner og kulturmiljø som fellesskapsverdiar i eit lokalsamfunn
Ein bør leggje vekt på prosessar med brei deltaking og lokal forankring. Kulturminnestafetten i 1997, bygdedag på Grandaunmoen og markeringa av den norske kulturminnedagen (Ranem kirke) er lokale døme på det.

Rette større merksemad mot kulturminner og kulturmiljø som kunnskaps- og opplevingsressursar. Skulen, barnehagane, kyrkja, museum/bygdesamlinga, eigarar, friviljuge lag og foreiningar og næringslivet nytta også i dag kulturminna i ymse samanhengar.

Kapittel 5: Eigarar

Målet til utvalets fleirtal meiner at det må bli eit større likeverd mellom private og off. aktørar for eigarane av freda kulturminner og - miljø. Det er viktig å sikre ei jamnare fordeling av forpliktingane mellom partane. Dette vil kunne auke ansvarsfølelsen og interessa for kulturarven som igjen vil kunne gje eigarane større tryggleik. Dette må styrkast i kulturminneloven.

Utvalet meiner at eigarane av vedtaksfreda og automatisk freda bygg og anlegg har rett til å krevje at staten skal dekke alle meirkostnadene som følge av krav gjennom kulturminneloven. Dei meiner også at staten må finansiere ein større del av arkeologiske utgravingar når det vert oppdaga kulturminner ved utbygging. I dag er tiltakshavar økonomisk ansvarleg.

Kulturminnets alder skal ikkje vere det einaste kriteriet for automatisk å frede fleire nye kategoriar kulturminner - og miljø.

Kapittel 6: Friviljug arbeid

Staten må i sterkare grad leggje til rette for at friviljuge kan spele ei aktiv rolle i arbeidet med kulturminna. Historielag, verneforeiningar, velforeiningar og andre med interesse for å ta vare på og bruke kulturminna, spelar ei viktig rolle jmf. arbeidet med Lokal Agenda. Dei skal ikkje overta ansvaret frå det offentlege, men skal utgjere eit supplement kor målet er å få til lokal forankring og gode løysingar.

Kapittel 7: Musea i kulturminnearbeidet

Utvalets fleirtal rår til at museas rolle som møteplass og deira kompetanse på dokumentasjon, bevaring, forsking og formidling skal vidareutviklast og aktiviserast i større grad innanfor kulturminnearbeidet.

Kapittel 9: Styrking av dei økonomiske verkemidla

Gode økonomiske rammevilkår er grunnleggjande for å forvalte kulturminner - og miljø på ein tilfredsstillande måte. Private eigarar, organisasjonar, stiftingar, verksemder og enkeltpersonar gjer i dag ein viktig innsats for å verne og leggje til rette for bruk av den fysiske kulturarven. Kor stor denne innsatsen er, omrekna i kroner og øre, er vanskeleg å seie noko om.

Det er akseptert at kulturminna har ein verdi, men det er likevel vanskeleg å kvantifisere verdien. Ei mogleg tilnærming er å tenkje seg at verdifulle kulturminner forsvinn. Kva for konsekvensar ville det fått om alle gravhaugar og helleristningar forsvann? Kan vi tenkjer oss Noreg utan viktige nasjonale symbol slik som Eidsvollbygningen og Stiklestad? Kva med Bryggen i Bergen? Kva for konsekvensar ville det fått td. for turisttrafikken? Å Tenkje seg ein slik situasjon er viktig for å fastslå verdien av kulturminnet.

To av måla til utvalet er å ha eit mangfold av kulturminner- og miljø og at dei økonomiske rammene står i forhold til oppgåvene. Det er viktig at dei økonomiske ringverknadane i samfunnet av at kulturminner og kulturmiljø blir teke vare på, vert synleg for alle.

Behovet for meir pengar må sjåast i lys av kva som er realistisk å oppnå. Uavhengig av løvningane vert heva eller oppretthalde på dagens nivå, vil det vere behov for å prioritere mellom kva for kulturminner som skal takast vare på og kva som ikkje skal det. Utvalets fleirtal meiner at det må utviklast betre kriteriar for ei slik prioritering.

Utvalet meiner det er tre ordningar som i hovudsak skal bidra til den offentlege ressursinnsatsen på kulturminnefeltet:

- tilskotsmidlar
- kulturmingefond
- særreglar for kulturminner og kulturmiljø i skatte- og avgiftsregelverket

I samband med revidert nasjonalbudsjett er det foreslått å opprette eit Kulturmingefond. Miljøvernminister Børge Brende vil styrke arbeidet med å sikre verneverdige kulturminne og kulturmiljø gjennom å opprette dette fondet. Fondet skal starte på 200 mill. kr. som skal gje ei årleg avkasting på 12 mill. Kulturmingefondet skal ikkje erstatte midlane som staten har øyremerka til freda kulturminne og -miljø, men skal vere eit supplement til bl.a eigarar og næringslivet til å ta vare på kulturminner og kulturmiljø som ikkje er freda etter kulturminnelova.

Kapittel 10: Organisering av den offentlege kulturminneforvaltninga

Når det gjeld den offentlege kulturminneforvaltninga, har den desentraliserte forvaltninga vore i funksjon i 12 år. Mynde etter kulturminneloven, ansvar og oppgåver vart i 1990 overført til fylkeskommunen.

Utvalet meiner det er positivt at kommunane kan få større ansvar og mynde for kulturminnefeltet. Målsetjinga er å stimulere til forankring og ansvar for ivaretaking av ressursane i kommunen, både hjå lokalfolket og hjå styresmaktene.

For at forvaltninga av kulturminna skal kunne bli eit aktivt politikkområde lokalt, må også fleire delta. Regjeringa vil at også dei som eig og dei som nyttar kulturminna i større grad skal trekkjast inn som samarbeidspartar i arbeidet. For det offentlege er det ein stor utfordring å utvikle verneformer og verkemiddel for å sikre at kulturarven vert teke vare på, samstundes som den vert ein positiv ressurs i utviklinga av samfunnet vårt.

Som ein del av omleggingsprosessen har Miljøverndepartementet invitert alle fylkeskommunane til å utarbeide eit innspel med vurderingar og synspunkt på kva for oppgåver, kva for ansvar og mynde fylkeskommunen og kommunane bør ha i framtida. Fylkeskommunen inviterte alle kommunane i Nord-Trøndelag til eit felles møte den 22. november i fjor. På møtet deltok forutan kommunane, også Miljøverndepartementet, Riksantikvaren, Vitenskapsmuseet, Kulturvernrådet i Nord-Trøndelag og Fylkesmannens miljøvernnavdeling og landbruksavdeling. I etterkant har Nord-Trøndelag Fylkeskommune etter innspel frå kommunane sendt inn ein uttale til MD.

MD ser for seg at gjennomføringa skal skje gradvis over ein 4-års periode, altså ved utgangen av 2005. Då skal kompetanseutvikling, bygging av nettverk, etablering av støttefunksjonar og overføring av oppgåver vere gjennomført.

MD har delt kulturvernfeltet i 7 tema som kan vere aktuelt for kommunane å få eit større ansvar for:

- 1. landskap**
- 2. områdefredning og kulturmiljøfredning**
- 3. arkeologiske kulturminner**
- 4. marinarkeologiske kulturminner**
- 5. lause kulturminner**
- 6. fartøyvern**
- 7. bygningar og anlegg**

Vurdering

Kapittel 5:

Ofte kan det vere ei økonomisk belastning å ta vare på eit kulturminne og det er vel ei kjent sak at mang ein grunneigar i frykt for store kostnader ved utgravingar, ikkje melder i frå til kommune/fylkeskommune om funn av eit kulturminne. I dag er tiltakshavar økonomisk ansvarleg. Ei slik ordning gagnar slettes ikkje kulturvernet. Når det gjeld arkeologi, må difor staten ta på seg eit større økonomisk ansvar ved registreringar, utgravingar etc.

Overhalla kommune meiner også at eigarane av vedtaksfreda og automatisk freda bygg og anlegg har rett til å krevje at staten skal dekke alle meirkostnadene som følge av krav gjennom kulturminneloven.

Kapittel 6: Det er lett å sjå at den friviljuge innsatsen har hatt mykje å seie for kulturminna og kulturvernfeltet. Særleg gjennom dei praktiske oppgåvene knytta til vedlikehald, istrandsetjing, skjøtsel og formidling. Overhalla Historielag er ei viktig brikke for kulturvernet i Overhalla. Kulturkontoret vender seg til historielaget i mange høve bla ved kulturminnearrangement (Den norske kulturminnedagen/Bygdedag på Grandaunmoen)

Andre døme på at kommunen samarbeider mykje med lag og foreiningar er gjennom prosjektet "historisk verdifulle bygningar og bygningsmiljø i Overhalla". I arbeidsgruppa er bondelaget og historielaget representert.

Restaurering av Haugum Mølle er eit godt døme på den store aktiviteten som friviljuge organisasjonar legg ned. Kulturminnestafetten i 1997 er eit anna døme.

Overhalla kommune er samd i kulturvernutalet si innstilling om at organisasjonane og den off. kulturminneforvaltinga i fellesskap skal leggje større vekt på å finne fram til gode arenaer, arbeidsformer og samarbeidsprosjekt, men det er framleis den off. kulturminneforvaltinga som må ha hovudansvaret for å få til eit slikt samarbeid. Siktemålet

må vere at ein gjennom samarbeid og erfaringsutveksling kan utnytte dei samla ressursane og kompetansen på ein betre måte enn i dag.

Det som dei friviljuge lag og foreiningane er sterke på er medlemsmassen og den innsatsen dei gjer. Stort sett blir alt gjort på dugnad. Situasjonen i dag er at innsatsen generelt sett er prega av låge offentlege løyvingar. Dette fører truleg til at organisasjonane ikkje kan involvere seg i så mange prosjekt og tiltak som dei måtte ønskje.

Men det er viktig at dersom det vert større løyvingar td. gjennom kulturminnefondet, må ikkje det bli ei ytterlegare sovepute for staten.

Næringslivet bør trekkjast med gjennom samarbeid og etablering av nettverk mellom private og offentlege aktørar, friviljuge organisasjonar og næringslivet. For næringslivet bør kulturarven vere interessant i samband med profilering og verdiskaping.

Kapittel 7: Det er viktig at dei lokale og regionale musea har eit nært samarbeid med kommunane, særleg skulesektoren og kulturkontoret og dei friviljuge lag og foreiningane.

Kapittel 9: Framleggget om å opprette eit kulturminnefond er eit positivt innspel. Andre forslag for i større grad å sikre kulturminna (momsfritak og skattelette) er også viktige, særleg for privatpersonar.

Då det gjeld kapittel 10 om organiseringa av den offentlege kulturminneforvaltninga og regeringa ønskje om at kommunane skal få eit større ansvar, er det to stikkord som kommunen bør setje som krav: *ressursar og kompetanse*.

Lokal handlefridom, tilføring av ressursar og kompetanse heving er ein føresetnad for at reformen skal lukkast.

Overhalla kommune har ikkje føresetnader for å kunne ta på oss eit større ansvar slik som situasjonen er i dag. Grunnen er at kulturminnevernet ikkje er prioritert oppgåve i kommunane og det er difor ikkje ~~av~~ avsett midlar og heller ikkje personressursar til dette fagfeltet. Slik det er i dag er det veldig personavhengig av korleis kommunane prioriterer dette. Er det ein kulturkonsulent som er interessert i faget vert kulturminneforvaltninga i større grad sett på dagsorden. Gjennom samarbeidet med Midtre Namdalskommunane har det kome fram at fagkompetansen og dei økonomiske ressursane er därleg på kulturminnefeltet.

Fleire alternativ kan skisserast ved ein økonomisk kompensasjon:

1. Kommunen treng kursing/kompetanseheving til allereie tilsette folk
3. Kommunen kjøper tenester hjå Fylkeskommunen
4. Kommunen inngår eit interkommunalt samarbeid med Midtre Namdal om å tilsetje ei person i ei regional stilling (jmf. MNR samarbeidsprosjekt)
5. Namdalsmuseet får auka sin kompetanse/tilført meir ressursar på arkeologi og/eller bygningsvern. Kommunen kjøper så tenestene sine derifrå.

I dag er det Nord-Trøndelag fylkeskommune som har det overordna ansvaret for kulturminner i kommunen. På fylkesnivå er det også lite ressursar og dermed liten oppfølging. Ein stor del av fylkeskommunens arbeid med kulturminner er retta mot kommunal planlegging. Ein utbyggingsprosess eller eit reguleringsforslag dreg ut i langdrag pga. at fylkeskommunen har lite ressursar og dermed skjer ikkje synfaring raskt nok. Dette kjem ofte i konflikt med utbyggingsinteresser der det å ta vare på kulturminna berre blir sett på som hemmande for utviklinga.

Vi er opptekne av at grunneigarar og huseigarar får vere med i frå "fyrste stund" og blir informert i heile prosessen. Lokalt eigarskap og lokalt mynde er ein føresetnad for å stimulere lokalt ansvar.

Rådmannens forslag til vedtak:

Overhalla kommune meiner rapporten er svært positiv for kulturminnevernet og tek den til etterretning. Det er likevel 4 punkt som må presiserast:

1. Overhalla kommune meiner det er heilt naturleg at staten skal dekke alle kostnader ved arkeologiske utgravingar.
2. Kulturminnefondet, skatte- og momsfordelar må oppretta og setjast i verk.
3. Ved ei omorganisering av den offentlege kulturminneforvaltninga er det ein føresetnad at kommunane får tilført auka ressursar og auka kompetanse.
4. Det er viktig at det er klare retningsliner for ansvaret på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Behandling i Formannskapet - 19.06.02:

Behandlet.

Vedtak i Formannskapet - 19.06.02, enst.:

Rådmannens forslag til vedtak vedtas.

Reidar A. Fredriksen
rådmann